



DEN NORSKE KIRKE

Alver kyrkjelege fellesråd

# Møteinnkalling

## Alver kyrkjelege fellesråd

---

Møtedato: 14.01.2021 kl. 15:30

Møtested:

Arkivsak: 19/05178

---

ISDALSTØ, 05.01.2021

John Fredrik Wallace  
Sekretær

**DEN NORSKE KYRKJA**

Alver kyrkjelege fellesråd

# Saksliste

## Alver kyrkjelege fellesråd

---

Møtedato: 14.01.2021 kl. 15:30

Møtestad: Kyrjekontoret på Manger

Arkivsak: 19/05178

---

Meld eventuelt forfall snarast på tlf +47 48284872 eller e-post [jw734@kyrkja.no](mailto:jw734@kyrkja.no).  
Vararepresentanter møter etter nærare melding frå møtesekretær.

**SAKSLISTE****Godkjenning av innkalling og saksliste****Godkjenning av protokoll****Saker til behandling**

1/21	20/07704-1	Budsjett 2021 for Alver kyrkjelege fellesråd
2/21	20/07762-1	Felles kyrkjemusikkplan for Alver kyrkjelege fellesråd

**Orienteringssaker**

3/21	20/07668-1	Mandat trusopplæringsteam
4/21	20/07764-1	Ny lov for trussamfunn og kyrkjeordning
5/21	20/07762-2	Retningslinjer musikkbudsjett for gudstenester

**Eventuelt**

Knarvik, 05.01.2021

Grethe Lunde.  
Leiar

John Fredrik Wallace  
Møtesekretær



# DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace		20/07704-1	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd	1/21	14.01.2021

## Budsjett 2021 for Alver kyrkjelege fellesråd

### Vedlegg:

Budsjettforslag drift 2021 Alver KF

Budsjettforslag investering 2021

### Saksframlegg

Alver kyrkjelege fellesråd blir invitert til å vedta budsjetta for drift og investering for året 2021. Dette skal følge «Forskrift om økonomiforvaltning for kyrkjelege fellesråd og sokneråd» (DNK). Forskrifta seier eigentleg at vi skal vedta ein rullerande økonomiplan på 4 år. Det har vi ikkje. Slik stoda er, har vi ikkje utvikla lange planar for budsjett og drift.

I budsjettsak til fellesrådet sitt møte 15.01.20 – Driftsbudsjett for 2020, skreiv vi at sokna og fellesrådet burde ha ei felles strategisamling og drøfta langsiktig strategi og budsjett: det skulle vera grunnlaget for eit langsiktig budsjett. Mellom anna grunna korona hadde vi ikkje eit slikt møte, og fellesrådet har heller ikkje seinare drøfta langsiktige strategier, behov eller planar når det gjeld drift. No kan ein sjølvsagt hevde at vidareføring av status quo også er ein strategi (jf. sak 48/20 evaluering organisasjon), så dette er ikkje meint som kritikk. Men så lenge fellesrådet ikkje vil vedta ei rein framskriving av ordinært budsjett som ein rullerande økonomiplan, så står vi i praksis på same staden som vi gjorde i fjor. Nå har fellesrådet sist møte (sak 46/20) satt 11.03.21 som ny dato for fellesmøte mellom fellesråd og sokneråd, og ein kan vurdera om det møtet også kan bli brukt til drøfting av ein rullerande økonomiplan. For at det skal bli vellykka må fellesrådet ha laga eit drøftingsgrunnlag, men med dagens møteplan kan det bli vanskeleg å få til før den 11.03.

Når det gjeld vedlikehald er det laga vedlikehaldsrapportar for dei fleste kyrkjene. Straks alle rapportane er ferdige blir det laga ein samlerapport. Administrasjonen planlegg at fellesrådet skal få sak om vedlikehaldsplan for alle sine kyrkjer til møtet 25.03.21. Etter det kan fellesrådet presentera forslag til «Verdibevarande vedlikehaldsplan» for kommunen.

På investeringsfronten er det lite nytt. Prosjekt utviding av gravplass på Lindås går vidare, men veldig sakte grunna innvendingar frå Statens vegvesen på den opphavlege planen. Vi jobbar med ein justert plan, og vonar at alle offentlege partar kan godkjenne den nye planen i løpet av våren 2021. Bygginga starter så raskt vi kan få det til, og vi håper endringane ikkje fører til økte kostnader. Kommunen har for 2021 bevilga kr 10 mill.

Dessutan er vi glad for at kommunen såg at vi trengte nye bilar mm til driftsavdelinga, og det er gitt kr 1,5 mill til dette formålet.

## DRIFTSBUDSJETT 2021

Då vi laga driftsbudsjett for 2020 var det på basis ei samanstilling av de tre fellesråda sine budsjett for 2019, og det var ein del uvisse. Vi så derfor fram til å få eit heilt driftsår som grunnlag for å lage budsjett for 2021. Men så kom korona som meir eller mindre stengde kyrkjene i mars og sendte dei tilsette på heimekontor, og mykje blei unormalt. 2020 er ikkje så godt budsjettgrunnlag som vi håpa på, og fortsatt er det ein del uvisse om kor mykje det eigentleg kostar å drifta den nye organisasjonen og kva eigne inntekter vi faktisk kan få. Vi må også minne om at vår eigen «økonomiadministrasjon» er liten, og det er begrensa kva analyser vi kan klare å utføre.

Vi var lenge usikre på Alver kommune sitt driftstilskot til fellesrådet for 2021. Kommunen sitt tilskot er lovbestemt, men loven fastet ikkje beløp, så kommunen har et visst spelorum. Som kjent fekk Lindås KF eit stort udekka underskot i 2019 (-1,2 mill kr), og det reflekterer at drifta til ei viss grad har vore underfinansiert. Samstundes har samanslåinga påført Alver-kyrkja ei fast årleg kostnadsauke (kr 0,7 mill). I 2020 ga kommunen eit eingongsbeløp på kr 0,7 mill som kompensasjon, men den støtta blir ikkje vidareført i 2021. Det blir heller ikkje kompensert for underskotet frå Lindås.

Vedlagt er eit forslag til driftsbudsjett for Alver KF for 2021. Det er basert på drøftingar med leiargruppa, økonomikonsulent og Alver sin rekneskapsfører (Aider, tidl Akasia). Basis er foreløpige rekneskapstal frå hausten 2020, justert og tilpassa. Ei kolonne for «budsjett 2020» er satt på reknearket slik at det skal vera mogeleg å sjå kor det er foreslått endringar.

Nokre kommentarar:

### INNTEKTER:

- Kommunen har for 2021 tatt utgangspunkt i «basisbeløpet» frå 2020, indeksert dette og så redusert med kr 370.000, begrunna i kommunen sin vanskelege økonomiske situasjon. Det er dette som er lagt inn som hovudinntekt.
- Vår største eigeninntekt er festeavgift. I haust er det jobba hardt for å få inn mest mogeleg – og kanskje klarar vi å dekkja inn heile underskotet frå Lindås 2019. Vi er usikre på kva som er realistisk i samla festeavgift for 2021, men dersom kommunen aukar avgifta som foreslått (fra 500 kr til 600 kr) så vel vi å budsjettera med ei lita auke i samla festeavgift samanlikna med budsjett 2020. Kr 1.600.000
- Sjukelønsrefusjon aukar vi ein del frå budsjett 2020, men det er likevel mindre enn samla refusjon vi faktisk får i 2020. Kr 700.000
- Refusjon frå sokneråd er frå Meland (lønstilskot) og Knarvik (lån underetasje). (Tilskot frå Radøy er borte - det var knytt til drifta). Kr 530.000
- Bispedømmet sitt samla diakonitilskot går til fellesrådet som arbeidsgivar. Kr 600.000
- Bispedømmet sitt samla trusopplæringstilskot går til fellesrådet som arbeidsgivar. Kr 2.049.700
- Kommunen har bevilga pengar (eingongs) til ordinært kyrkjevedlikehald. Kr 300.000

### UTGIFTER:

- For å få budsjettet i balanse er lønsutgiftene strupa – det er ingenting å gå på, men ingen etablerte stillingar er foreslått redusert
- Samstundes er posten «timeløn» til vikarar redusert med kr 250.000. Det betyr at det blir mindre høve til å leige inn vikarar ved sjukdom og spesielle høve – t.d. ekstra musikarar til gudstenester. Kanskje må friviljuge brukast meir.
- Det er satt av kr 100.000 til sokneråda (20.000 x 5). Fleire vil kanskje meine at dette er for lite, men ....(Vi håper også at tilbakeholdt kr 250.000 frå 2020 kan bli utbetalt hvis 2020-rekneskapet går i balanse.).
- Mykja anna er faste utgifter på kort sikt, dessverre: Husleige, strøm, forsikringar, datakommunikasjon, rekneskapsføring ++.
  - o *Dersom desse postane skal bli merkbart lågare må fellesrådet gjera strukturelle grep i måten vi driver fellesrådet og kyrkjene på. Kanskje det er tida for å drøfte dette no?*

- Når det gjelder vedlikehald av kyrkjene er beløpa store i vår målestokk. Det er i 2020 bevilga kr 3,5 mill frå kommunen sitt korona-tilskot, og beløpet er overført til fellesrådet. Det som ikkje blir brukt i 2020 (om lag 2 mill kr) blir ståande på driftsfond til bruk i 2021. Reknestykket går i 0 ved slutten av året (kontraktane blei inngått i desember 2020).
- Kommunen har i tillegg bevilga kr 300.000 til ordinært kyrkjevedlikehald, mens vi ventar på sjølve vedlikehaldsplanen som skal behandlast våren 2021. I alt er det i budsjettet satt opp kr 2,3 mill til vedlikehald.

## INVESTERINGSBUDSJETT 2021

Det er foreslått to investeringsprosjekt i 2021:

- Det eine er utviding av gravplass på Lindås, finansiert av Alver kommune, kr 10.000.000.
- Det andre er kjøp av nye bilar til driftsavdelinga. Etter søknad har kommunen bevilga kr 1.500.000 (eingongs).

### **Forslag til vedtak**

Fellesrådet vedtar Driftsbudsjett 2021 som presentert. Samla utgifter er satt til kr 31.919.150,-. For å balansere drifta tas kr 2.000.000,- frå driftsfondet (=korona vedlikehaldsmidler).

Fellesrådet vedtar Investeringsbudsjett 2021 som presentert. Samla utgifter satt til kr 11.500.000,.

<b>Alver kyrkjelege fellesråd</b>		<b>Budsjett</b>
<b>Driftsbudsjett 2020</b>		<b>2020</b>
Konto	Navn	
	<b>INNTEKTER</b>	
3631	Utleie av kirke	- 320 000,00
3635	Feste- og fornyelsesavgifter	- 1 442 750,00
3650	Avgiftspliktig salg av varer og tjenester	- 295 000,00
3600	anna brukarbetaling (SR)	- 5 000,00
	<b>Sum brukarbetaling, salg, avgifter og leieinntekter</b>	
3705	Lønnsrefusjon fra rDnk	- 170 000,00
3710	Sykelønnsrefusjon/refusjoner fra trygdeetaten	- 280 000,00
3729	Refusjon moms påløpt i driftsregnskapet	
3750	Refusjon fra menighetsråd	- 620 000,00
3770	Refusjon fra andre	- 320 000,00
3783	Refusjon renholds- og vaktmestertjenester	
	<b>Sum refusjoner/overføringer</b>	
3790	Kalkulatoriske inntekter	-
	<b>Sum kalk. inntekt</b>	
3805	Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	
3806	Trosopplæringstilskudd Den norske kirke	- 1 990 000,00
	<b>Sum statlige tilskudd</b>	
3830	Tilskudd fra kommunen/kommunale institusjoner	- 2 685 000,00
3831	Driftstilskudd fra kommunen	- 22 500 000,00
	<b>Sum rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune</b>	
	<i>nettotal for 2019:</i>	
3879	Diverse tilskudd og gaver	- 100 000,00
	anna tilskot og gaver	- 20 000,00
	<b>Sum andre tilskudd, gaver, innsamlede midler</b>	
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>- 30 747 750,00</b>
	<b>UTGIFTER</b>	
3011	Lønn faste stillinger	14 274 920,53
3013	Timelønn	703 000,00
3015	Diverse tillegg	190 000,00
3099	Arbeidsgiveravgift	2 507 142,09
3061	Honorar (lønn)	410 000,00
3080	Godtgjørelse til folkevalgte	75 000,00
3090	Pensjonsinnskudd	2 518 360,24
	<b>Sum lønn og sosiale utgifter</b>	<b>20 678 422,86</b>

3100 Kontormateriell	40 000,00
3102 Faglitteratur, tidsskrifter o.l.	15 000,00
3110 Aktivitetsrelatert forbruksmateriell/Utstyr/Tjenester	125 000,00
3117 Innkjøp til gravstell (planter, blomster o.l.)	120 000,00
3120 Annet forbruksmateriell	50 000,00
3123 Kjøp av arbeidstøy	25 000,00
3124 Servering (herunder kirkekaffe)	40 000,00
3125 Velferdsformål	15 000,00
3126 Gaver	15 000,00
3128 Rengjøringsmidler	100 000,00
3131 Porto	50 000,00
3133 Telefoni	70 000,00
3134 Datakommunikasjon	200 000,00
3143 Informasjonstiltak, trykk og distribusjon	110 000,00
3151 Kurs og utdanning	100 000,00
3162 Kilometergodtgjørelse	30 000,00
3171 Reiseutgifter tjenestereiser (ikke oppgavepliktig)	25 000,00
3172 Driftsutgifter egne biler	140 000,00
3180 Energi	
3181 Strøm, energi	875 000,00
3185 Forsikringer	585 000,00
3187 Gruppeliv- /Yrkesskadeforsikring	113 000,00
3191 Husleie	1 016 000,00
3195 Avgifter, gebyrer og lisenser	22 000,00
3196 Kommunale avgifter og eiendomsskatt	137 800,00
3197 Kontingenter og medlemsavgifter	145 500,00
3199 Datalisenser	550 000,00
3200 Inventar og utstyr	94 000,00
3207 Datautstyr	60 000,00
3220 Leie, leasing, kjøp av maskiner, traktor/gravemask.o.l.	30 000,00
3221 Kopimaskin	50 000,00
3230 Vedlikehold bygg og anlegg	150 000,00
3233 Planlagt vedlikehold, bygg	30 000,00
3241 Service og reparasjoner inventar og utstyr	70 000,00
3242 Service og reparasjoner teknisk utstyr	100 000,00
3243 Service og reparasjoner orgel, instrumenter og befuktere	60 000,00
3245 Service og reparasjoner alarmanlegg	
3246 Service og reparasjoner maskiner	
3249 Service og reparasjoner diverse	
3260 Renhold -, vaskeri- og vaktmestertjenester	
3264 Sjøppel og gjenvinning	
3271 Kjøp av konsulenttenester	25 000,00
3272 Kjøp av diverse tjenester (honorar)	516 027,00
3274 Regnskapsføring/lønnskjøring	600 000,00
3275 Revisjon	50 000,00
3276 Datakonsulenttenester	
<b>Sum kjøp av varer og tjenester</b>	<b>6 549 327,00</b>
	-
3350 Refusjon til menighetsråd	250 000,00
3370 Refusjon til andre	-

<b>Sum refusjoner/overføringer</b>	<b>250 000,00</b>
3390 Kalkulatoriske utgifter	-
<b>Sum kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale</b>	<b>-</b>
3429 Moms generell kompensasjonsordning	-
<b>Sum tilskudd og gaver</b>	<b>-</b>
<b>SUM DRIFTSUTGIFTER</b>	<b>27 477 749,86</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>- 3 270 000,14</b>
3500 Renteutgifter	1 050 000,00
3511 Avdrag på lån	2 220 000,00
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>3 270 000,00</b>
3950 Bruk av bundne fond	-
3941 Bruk av driftsfond	- 0,14



Budsjett	FUNKSJONSFORDELING			
	2021	ADM	KYRKJE	GRAVSTELL
	041		042	043
- 200 000,00	-	-	- 200 000,00	-
- 1 750 000,00	-	-	-	- 1 750 000,00
- 303 850,00	-	-	-	- 303 850,00
-	-	-	-	-
-	-	-	-	-
- 700 000,00	-	100 000,00	- 500 000,00	- 100 000,00
- 1 654 000,00	-	938 200,00	- 527 300,00	- 156 400,00
- 530 000,00	-	-	- 530 000,00	-
- 329 600,00	-	-	- 175 100,00	- 154 500,00
-	-	-	-	-
-	-	-	-	-
-	-	-	-	-
-	-	-	-	-
-	-	-	-	-
- 600 000,00	-	-	-	-
- 2 049 700,00	-	-	- 2 049 700,00	-
-	-	-	-	-
-	-	-	-	-
- 2 620 000,00	-	-	- 300 000,00	-
- 22 100 000,00	-	-	-	-
-	-	-	-	-
-	-	-	-	-
- 102 000,00	-	-	- 102 000,00	-
-	-	-	-	-
-	-	-	-	-
<b>- 32 939 150,00</b>	<b>-</b>	<b>1 038 200,00</b>	<b>- 4 384 100,00</b>	<b>- 2 464 750,00</b>
15 103 167,60		3 578 534,06	7 638 713,62	3 885 919,92
474 090,00		78 190,00	395 900,00	-
195 700,00		-	113 300,00	82 400,00
2 582 356,35		617 098,28	1 379 107,91	586 150,16
422 300,00		-	422 300,00	-
77 250,00		77 250,00	-	-
2 593 911,05		619 859,47	1 385 278,70	588 772,88
<b>21 448 775,00</b>		<b>4 970 931,81</b>	<b>11 334 600,24</b>	<b>5 143 242,96</b>

30 000,00	30 000,00	-	-
5 000,00	5 000,00	-	-
	-	-	-
123 600,00	-	-	123 600,00
100 000,00	50 000,00	-	50 000,00
50 000,00	-	-	50 000,00
41 200,00	41 200,00	-	-
5 000,00	5 000,00	-	-
10 000,00	10 000,00	-	-
60 000,00	-	60 000,00	-
51 500,00	51 500,00	-	-
72 100,00	72 100,00	-	-
86 000,00	86 000,00	-	-
100 000,00	100 000,00	-	-
50 000,00	50 000,00	-	-
50 000,00	50 000,00	-	-
25 750,00	25 750,00	-	-
144 200,00	-	-	144 200,00
120 000,00		120 000,00	
901 250,00	128 750,00	690 100,00	82 400,00
602 550,00	-	515 000,00	87 550,00
116 390,00	116 390,00	-	-
1 046 480,00	1 046 480,00	-	-
22 660,00	22 660,00	-	-
141 930,00	20 600,00	82 400,00	38 930,00
149 865,00	149 865,00	-	-
566 500,00	566 500,00	-	-
80 000,00	35 000,00	25 000,00	20 000,00
40 000,00	40 000,00	-	-
50 000,00	-	-	50 000,00
51 500,00	51 500,00	-	-
2 300 000,00	-	2 300 000,00	-
	-		-
50 000,00	-	50 000,00	-
50 000,00	-	-	50 000,00
15 000,00	-	15 000,00	-
70 000,00		70 000,00	
40 000,00			40 000,00
25 000,00		25 000,00	
130 000,00	110 000,00	20 000,00	
100 000,00		70 000,00	30 000,00
		-	-
391 400,00	141 400,00	250 000,00	-
600 000,00	600 000,00	-	-
51 500,00	51 500,00	-	-
120 000,00	120 000,00		
<b>8 716 375,00</b>	<b>3 657 195,00</b>	<b>4 292 500,00</b>	<b>766 680,00</b>
100 000,00		100 000,00	

<b>100 000,00</b>	-	<b>100 000,00</b>	-
-	-	-	-
1 654 000,00	938 200,00	527 300,00	156 400,00
<b>1 654 000,00</b>	<b>938 200,00</b>	<b>527 300,00</b>	<b>156 400,00</b>
<b>31 919 150,00</b>	<b>9 566 326,81</b>	<b>16 254 400,24</b>	<b>6 066 322,96</b>
- <b>1 020 000,00</b>	<b>8 528 126,81</b>	<b>11 870 300,24</b>	<b>3 601 572,96</b>
800 000,00		800 000,00	
2 220 000,00		2 220 000,00	
<b>3 020 000,00</b>	-	<b>3 020 000,00</b>	-
- 2 000 000,00		- 2 000 000,00	
- 0,00	8 528 126,81	12 890 300,24	3 601 572,96





-	-
-	-
32 100,00	
<b>32 100,00</b>	-
<b>32 100,00</b>	-
<b>- 600 000,00</b>	<b>- 24 420 000,00</b>
-	-
<b>- 600 000,00</b>	<b>- 24 420 000,00</b>

**Alver kyrkjelege fellesråd**  
**Investeringsbudsjett 2021**

Konto Navn  
**INNTEKTER**

4220 Traktorer/gravemaskiner og lignende

4237 Nyanlegg

Finansieringsbehov

4830 Tilskudd fra kommunen/kommunale institusjoner

Sum finansiering

Budsjett	FUNKSJONSFORDELING				
2021	ADM	KYRKJE	GRAVSTELL	SOKNERÅD	FINANS
	041	042	043	044	089
1 500 000,00			1 500 000,00		
10 000 000,00			10 000 000,00		
<b>11 500 000,00</b>	-	-	<b>11 500 000,00</b>	-	-
- 11 500 000,00			- 11 500 000,00		
- 11 500 000,00	-	-	- 11 500 000,00	-	-



# DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace		20/07762-1	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd	2/21	14.01.2021

## Felles kyrkjemusikkplan for Alver kyrkjelege fellesråd

### Saksframlegg

(saka er skriven etter innspel frå William Kay)

#### Kyrkjemusikkplan

Kyrkjerådet vedtok ein sentral plan for kyrkjemusikk i Den norske kyrkja allereie i 2009. I tillegg bør kyrkjelydane også utarbeida lokale planar, som koblar lokale tiltak til den sentrale planen.

Viktige element i ein slik plan er:

- Kyrkjemusikk og trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden
- Kyrkjemusikk og diakoniarbeidet i kyrkjelyden
- Gudstenestelivet – oppretthalde og utvikle salmerekertoaret for kyrkjelyden
- Samarbeid og samspel mellom ansatte og deltakarar ved kyrkjelege handlingar
- Korsong i kyrkjelyden – gudstenesteliv og konsertverksemd
- Kyrkja som konsertarena
- Instrument – vedlikehald, fornying
- Rekruttering, bemanning og arbeidsforhold

Kyrkjemusikarane i Alver har hatt to fellesmøte hausten 2020. Her har det koma fram at ingen av kyrkjelydane i fellesrådsområdet har vedtekne planar for kyrkjemusikk. Kyrkjemusikarane vil gjerne koma i gong med slikt arbeid, men ser at det er mykje som talar for at det bør lagast ein felles plan for heile Alver kyrkjelege fellesråd. Mellom anna har vi allereie kor med medlemar på tvers av soknegrensene. Særleg arbeidet med rekruttering (t.d. orgelskule eller samarbeid med kulturskulen) må naturlegvis vera ei satsing som ikkje berre å forankra i éin kyrkjelyd. Heile instrumentparken må vi òg kunne sjå på under eitt.

Tiltak eller forhold som eventuelt høyrer heime kun i ein skilde sokn bør også kunne innlemmast i ein slik plan. Dette vil også vera ein fordel for kyrkjemusikarane som allereie i dag gjer teneste i heile fellesrådsområdet.

Kyrkjemusikarane vil gjerne at sokneråda samarbeider om arbeidet med ein felles kyrkjemusikkplan for Alver. Framlegget frå musikarane si side er at ein til to personar frå kvart sokneråd samlast til ei arbeidsgruppe. Kyrkjemusikarane utnemner også representant(ar) til denne gruppa.



### Kyrkjemusikarteam

Vi ser det er nyttig at musikarane i større grad koordinerer seg og samarbeidar. Som ein del av det ovannemnde arbeidet med kyrkjemusikkplan, så har vi oppretta eit fast team der alle kyrkjemusikarane skal delta. William er koordinator for teamet.

Aktuelle oppgåver i teamet, i tillegg til dei som inngår i ein kyrkjemusikkplan, er felles notebank og tilgang til digitale salmebøker, samarbeid i planarbeid med andre arbeidsgrupper og gravferdsturnus med bakvaksordning.

### **Forslag til vedtak**

Fellesrådet er positiv til at det blir starta eit arbeid med felles kyrkjemusikkplan for Alver. Alle sokneråda blir oppmoda om å utnemne ein (eller to) personar til ei arbeidsgruppe.

Frå fellesrådet deltar .....

Organist William Kay vil leie arbeidsgruppa sitt arbeid.



# DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesr d

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace		20/07668-1	Ugradert

R�d/utval	Saksnummer	M�tedato
Alver kyrkjelege fellesr�d	3/21	14.01.2021

## Felles trusoppl ringsteam for Alver kyrkjelege fellesr d

### Saksframlegg

Alver kyrkjelege fellesr d er organisert med utgangspunkt i det arbeidet som skjer i dei 5 sokna, og gravferd/driftsavdelinga.

Ser vi bort ifr  driftsavdelinga - som arbeider i heile kommunen, s  skal dei fleste tilsette ha hovudfokus p  gjennomf ring av sokner da sine planer. Eit sentralt fokusomr de er trusoppl ring, og alle soknestabane arbeider med det. Stabane har litt ulik bemanning, og det varierer derfor kven som reknar seg innanfor dette omr det.

B de f r og etter at Alver KF var etablert, har fagstabane samla seg for   bli kjent og l ra av kvarandre. Det gjeld ogs  trusoppl ring, der vi n  har etablert eit eige team.

Teamet er for 10 tilsette (inkl 2 prestar):

- Kateket og pedagog
- Spesialprest
- Diakon

Det er ikkje friviljug   delta i teamet.

Nina Jenny Monstad fr  staben i Knarvik er utpeika som leiar.

For   sikre oss at arbeidet skjer p  en ryddig m te har vi i dialog med Nina Jenny utvikla eit mandat, som er vedtatt og forankra i leiargruppa.

Sidan teamet ikkje berre legg vekt p    bli kjent, men ogs  styrke grunnlaget for faktisk samarbeid mellom stabane,  nsker eg at fellesr det blir kjent med denne m ten   arbeide p , og kan seie om dette er slik fellesr det  nsker at organisasjonen skal utvikla seg.

### Mandat Trusoppl ringsteam:

#### «Kven er trusoppl ringsteamet

Trusoppl ringstemaet er tilsette i Alver Kyrkjelege Fellesr d (AKF) som i stor grad jobbar for og med barn og unge, samt prestar som ogs  jobbar med barn og unge i AKF sitt omr de.

## M l og form l

M let er at tilsette p  tvers av sokna skal bli kjent,  
dele sosialt og  ndeleg fellesskap,  
dele faglege idear, erfaringar og utfordringar, samt s ke felles samarbeidsprosjekt i trusoppl ringsarbeidet. Slik blir det overordna form let   finne felles inspirasjon,  
forenkle arbeidsoppg ver,  
og lettare kunne planlagt hjelpe kvarandre ved behov.

## Organisering

Trusoppl ringsteamet m test ca tre gongar per  r, og har ein leiar som bl.a har ansvar for   kalle inn til samlingane og leie desse. Leiaren vil i praksis fungere som koordinator, til beste for felles inspirasjon og fellesskap i arbeidet for og med unge. Trusoppl ringsteamet er eit fagteam, og leiaren for fagteamethar *ikkje* personalansvar! Trusoppl ringsteamet si n raste linje er leiarteamet for AKF, ved kyrkjervergen. Det betyr ogs  at trusoppl ringsteamet er ei gjensidig ressursgruppe i form at eit utval, og ikkje som eit r d med fullmakt til   ta eigne beslutningar.

## Etikk

Medlemmane i trusoppl ringsteamet har taushetsplikt om evt informasjon som naturleg kjem fram om barn og unge, n r me deler faglege idear, erfaringar og utfordringar fr  arbeidskvardagen med kvarandre.

Fordi trusoppl ringsteamet er eit fagteam, skal ikkje kollegiale utfordringar eller evt personalkonfliktar vere tema i samlingane. Medlemmane har dermed heller ikkje taushetsplikt i forhold til kollegiale problemstillingar som evt implisitt kan kome fram i samlingane.»

## Forslag til vedtak

Fellesr det er positiv til sterkare samarbeid innanfor trusoppl ring, og tar mandat trusoppl ringsteam til orientering



# DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace		20/07764-1	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd	4/21	14.01.2021

## Ny lov for trussamfunn

### Saksframlegg

Kyrkja i Noreg har ei lang historie, og mange i fellesrådet kjenner den mykje betre enn det kyrkjeverja gjer. Sjølve kyrkehistoria, og bakgrunnen for dei endringane som har vore, overlet eg derfor til andre å fortelja.

Det er 100 år sidan me fekk sokneråd (1920), og vi kan følgje ei like lang historie mot ei sjølvstendig kyrkje.

Frå dei seinaste åra:

- Kyrkjemøtet etablert innanfor ei statskyrkje i 1984
- Skilje mellom kyrkje-kommune i 1997
- Forlik i Stortinget i 2008
- Kyrkjeendring i grunnlova i 2012
- Juridisk sjølvstendig kyrkje med arbeidsgivaransvar for prestane i 2017
- Ny lov for trussamfunn og ny kyrkjeordning i 2021.

Kyrkjelova, som mange kjenner så godt, er ikkje gyldig meir nå. Nå er det ny trussamfunnslov som gjeld. Den norske kyrkja skal vere ei grunnlovsforankra folkekyrkje, landsdekkjande og demokratisk.

Både fellesråd og sokneråd bør gjere seg kjent med den nye loven, som nå regulerer alle trussamfunn i Noreg. Kyrkjeverja har ikkje blitt ekspert på den nye loven, men kjenner hovudtrekka. Mellom anna med hjelp av ei presentasjon frå KA vil eg på møtet 14.01.21 visa viktige paragrafar i den nye loven.

Her er to aktuelle lenker:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1969-06-13-25?q=trossamfunnslov>

<https://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/bld/brev/brev-orientering-om-forholdet-mellom-den-norske-kirke-lokalt-og-kommunen-etter-ny-trossamfunnslov/id2788731/>

### Forslag til vedtak

Fellesrådet tek gjennomgangen av ny lov for trussamfunn til orientering



# DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace		20/07762-2	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd	5/21	14.01.2021

## Retningslinjer musikkbudsjett for gudstenester

### Saksframlegg

Mellom sokna i Alver har det vore litt ulik praksis med bruk av eksterne musikarar i gudstenester og andre kyrkjelege handlinger. Drøftingar i leiargruppa og med organistane synte eit ønske om å lage like retningslinjer for alle. Organistane blei spurde om praksis no og ønsker framover, og vi fekk gode tilbakemeldingar. Viktige tema er både omfang/beløp og forholdet mellom profesjonelle og frivillige musikarar.

Etter drøfting i leiargruppa sendte kyrkjevevja ut dei retningslinjene som er vist under. Vi meiner at vurderinga av kva type musikk - og anna, som skal vera del av gudstenestene, er viktige saker for stabane – og det er særleg der drøftingane skal tas. Både kyrkjevevja og fellesrådet bær vera varsamme med å detaljregulera korleis stabane skal løyse dette.

Men saka både berører budsjett og forholdet til sokneråda, og AU ba om at retningslinjene vert ført opp som orienterings sak til dette fellesrådsmøte. Dersom fellesrådet ønsker å endra prinsipp eller kronebeløp kan vi sjølv sagt gjera tilpasningar i retningslinjene.

Det var vanskeleg å hente ut rekneskapstal for dette, så kor mykje som eigentleg blei brukt til eksterne musikarar i 2020 veit vi ikke heilt sikkert.

Eit par poeng:

- Det kan vera flott med profesjonell musikk i tillegg det vår egne musikarar leverer, men kyrkjevevja meiner at det ikkje er fellesrådet sitt ansvar «å halde liv i» eit profesjonelt musikk liv utanfor kyrkja.
- Bruk av frivillige og lokale musikarar og «amatørar» bør ha høgt fokus, men krever at stabane jobbar systematisk med dette. Det bør dei få tid til.

«Retningslinjer for 2021 (slik de er sendt ut til stabene):

1. Alle 5 sokna får like regler. Det er noe ulikt hvor mange gudstjenester sokna har i løpet av et år, men eksterne musikere er normalt til høytidsgudstjenester/spesielle anledninger, og de feirer/markerer alle sokna ganske likt.
2. Hver stab må drøfte og lage en plan for hvilke gudstjenester som en ønsker eksterne musikere/solister til. Planen skal godkjennes av daglig leder

3. *Hvert sokn får et musikkbudsjett fra fellesrådet. Det settes av inntil kr 1.000 pr mnd. pr sokn. Mao. kan hvert sokn bruke inntil kr 12.000 pr år til innleie av eksterne musikere til gudstjenester og andre kirkelige handlinger. Egne slektninger kan ikke «tilsettes».*
4. *Det oppfordres til bruk av frivillige musikere, i stor grad. Evt avlønning av frivillige må vurderes nøkternt, og skje innenfor totalsummen. Hver stab oppfordres til å lage en plan for involvering av frivillige musikere.*
5. *Soknerådet kan selvsagt supplere med egne penger, hvis de ønsker det*
6. *Tilsetting av organistvikarer ved sykdom, ferie mv, kommer i tillegg, og håndteres av daglig leder/kirkeverge.»*

### **Forslag til vedtak**

Fellesrådet tar retningslinjer musikkbudsjett for gudstenester til orientering